Kjersti Agnete Erdal	Klinikkdir.	1.261.500	1.226.300	2,9%
Lisbeth Rustad	Direktør	1.018.900	990.400	2,9%
Olav Mella	Avdelingsdir.	1.376.600	1.328.400	3,6%
Kirsten Irene Stordal	Avdelingsdir	1.307.700	1.271.200	2,9%
Marit Grønning	Avdelingsdir.	1.112.000	1.076.100	3,3%
Susanne Albrechtsen	Klinikkdirektør	1.471.800	1.430.700	2,9%
Solveig Hansen	Funk. Avd.leder	1.100.000		
Ole-Bjørn Tysnes	Fung. klinikkdirektør	1.308.600		
Rupavathana Mahesparan	Fung. klinikkdirektør	836.700		

I tillegg til lønn har medlemmene i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett og avis. Lønnsjusteringane er gjennomført etter andre lønnsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2018 for administrerande direktør og frå 01.05.2018 for resten av leiargruppa.

#### **Retningslinjer for 2019**

Til grunn for Helse Bergen HF sine retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap, fastsatt av Nærings- og fiskeridepartementet med verknad frå 13.2.2015. Retningslinjene erstattar retningslinjene fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011. Hovudprinsippet om at leiarlønningane i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande er vidareført. Staten som eigar har lagt vekt på at det skal vera moderasjon. Retningslinjene har ikkje tilbakeverkande kraft. Eigar v/Helse- og omsorgsdepartementet presiserer at retningslinjene skal følgjast, og at styret og administrerande direktør ikkje har høve til å inngå avtaler utover retningslinjenes rammer.

#### Fastsetting av basislønn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterier leggjast til grunn:

- Lønnsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt
- Lønnsutviklinga i samanliknande stillingar
- Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta. Lønnsjusteringane gjeld frå 1. januar 2019 for administrerande direktør og frå 01.05.2019 for resten av leiargruppa.

#### Naturalytningar

Ytingane blir vurdert i høve til kva trong leiar har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

- Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket
- Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar
- Eventuelt avisabonnement

#### Pensjonsordningar

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

### Sluttvederlag

Ved fastsetting av sluttvederlag gjeld følgjande prinsipp:

- Det kan ikkje avtalast sluttavtale for andre leiande tilsette enn administrerande direktør. Avtale om sluttvederlag krev at administrerande direktør fråskriv seg fastsetjing om oppseiingsvern i arbeidsmiljølova. Sluttvederlag skal ikkje nyttast når leiaren har teke initiativ til oppseiinga.
- For andre leiande tilsette kan det avtalast forhandsavtale om rimelig sluttvederlag som får verknad dersom leiande tilsett ikkje motseier seg oppseiinga. Slik avtale kan inngåast i tilknytning til oppseiinga.
- Sluttvederlag og lønn i oppseiingstida skal i sum ikkje overstige 12 månader og til frådrag i sluttvederlaget kjem andre inntekter opptent i perioden.

### Variable godtgjeringar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basislønn

Det blir ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Helse Bergen HF.

### Andre høve

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjersle for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

### **Godtgjersle til revisor**

Heile 1000 kroner

	2018	2017
Revisjon etter lova	500	420
Utvida revisjon	50	32
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	134	149
Andre tenester utanfor revisjon	38	0
<b>Sum honorar til revisor</b>	<b>722</b>	<b>601</b>

**Honorar til revisor i høve til inngått avtale:** 480 480

Honorar er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift.

### **Note 7 Andre driftskostnader**

Heile 1000  
kroner

	2018	2017
Transport av pasientar	141 813	153 861
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	240 457	212 019
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	82 343	81 266
Reparasjon, vedlikehald og service	137 477	145 900
Konsulenttenester	57 531	72 631
Anna ekstern teneste	467 792	407 036
Kontor- og kommunikasjonskostnader	43 203	44 889
Kostnader i samband med transportmiddel	11 863	11 534
Reisekostnader	54 872	53 063
Forsikringskostnader	5 265	6 070
Pasientskadeerstatning	2 443	2 707
Andre driftskostnader	44 218	15 641
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>1 289 278</b>	<b>1 206 616</b>

## Note 8 Finansposter

	2018	2017
Andre renteinntekter	9 934	6 615
Andre finansinntekter	921	356
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>10 855</b>	<b>6 971</b>
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	18 618	14 091
Andre rentekostnader	152	15
Andre finanskostnader	1 002	1 033
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>19 772</b>	<b>15 138</b>

## Note 9 Varige driftsmidler

### Varige driftsmidler:

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygninger	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv. og utstyr	Sum
<b>Kostpris 01.01</b>	<b>302 985</b>	<b>11 254 898</b>	<b>809 703</b>	<b>1 593 517</b>	<b>336 450</b>	<b>14 297 552</b>
Tilgang i året	563	31 596	545 360	156 724	46 630	780 873
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året	-1 095	-2 126		-132 327	-16 733	-152 282
Frå anlegg til utføring	0	419.700	-439.700	20.000		0
<b>Kostpris 31.12</b>	<b>302 452</b>	<b>11 704 068</b>	<b>915 363</b>	<b>1 637 914</b>	<b>366 346</b>	<b>14 926 144</b>
Akk. avskrivningar 31.12		4 605 258		821 321	171 992	5 598 571
Akk. nedskrivningar 31.12						
<b>Balanseført verdi 31.12</b>	<b>302 452</b>	<b>7 098 810</b>	<b>915 363</b>	<b>816 593</b>	<b>194 354</b>	<b>9 327 572</b>
Ordinære avskrivningar i året		318 332		170 906	37 199	526 437
Nedskrivningar i året						
Balanseførte lånekostnader		4 096				4 096
Levetider		15-60 år		7-12 år	3-17 år	
Avskrivningsplan		Lineære		Lineære	Lineære	

### Langsiktige byggeprosjekt

Heile 1000 kroner

Investeringsprosjekt	Akk. rekn. per 31.12 i år	Akk rekn. per 31.12 i fjor	Tot.kostn. ramme	Prognose sluttsum	Avvik fra budsjett	Planlagt ferdigstilt
Sentralblokka	58 257	25 448	500 000	500 000	0	2020
BUSP trinn 2	718 912	342 107	3 387 000	3 387 000	0	2022
	<b>777 169</b>	<b>367 555</b>	<b>3 887 000</b>	<b>3 887 000</b>	<b>0</b>	

**Note 10 Eigardeler i tilknytte selskap og andre aksjar/partar****Aksjar og partar i tilknytte selskap***Heile 1000 kroner*

	Kostpris ved kjøp	Balanseført eigen-kapital på kjøps-tidspunkt	Balanseført verdi 01.01	Balanseført verdi 31.12	Andre endringar i året	Resultat i 2017	Ned-skriving i året
Innovest AS, 50%, Bergen	7 900	0	6 000	6 000		-2 236	0
BTO AS, 33,43%, Bergen	1 057	9 018	1 057	1 057		446	0
	<b>8 957</b>	<b>9 018</b>	<b>7 057</b>	<b>7 057</b>	<b>0</b>	<b>-1 790</b>	<b>0</b>

**Investeringar i aksjar og partar***Heile 1000 kroner*

	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Sum egedelar i tilknytte selskap	7 057	7 057
<b>Sum investeringar i FKV og TS</b>	<b>7 057</b>	<b>7 057</b>
Eigenkapitalinnskot i KLP	463 787	418 951
<b>Sum investeringar i andre aksjar og partar</b>	<b>463 787</b>	<b>418 951</b>

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

**Note 11 Andre finansielle egedelar***Heile 1000 kroner*

	<b>2018</b>	<b>2017</b>
Andre langsiktige lån og krav	3 000	3 000
<b>Sum andre finansielle egedelar</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>

**Note 12 Varelager***Heile 1000 kroner*

	2018	2017
<b>Varer for videresal:</b>		
Råvarer	6 465	6 414
<b>Sum varer for videresal</b>	<b>6 465</b>	<b>6 414</b>
Varelager til eige bruk	4 080	4 247
<b>Sum varelager</b>	<b>10 545</b>	<b>10 660</b>
<b>Kostpris lager</b>	<b>10 545</b>	<b>10 660</b>
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>10 545</b>	<b>10 660</b>

**Note 13 Kundekrav og andre krav***Heile 1000 kroner*

	2018	2017
Kundekrav	106 364	103 074
Konsernkonto	606 008	405 660
Krav på føretak i føretaksgruppa	378 161	342 546
Oppsamla inntekter	22 974	40 562
Andre kortsiktige krav	115 534	120 091
<b>Sum krav</b>	<b>1 229 042</b>	<b>1 011 933</b>
Endring i avsetting tap på kundekrav:		
Avsetting for tap på kundekrav per 1.1	11 969	21 000
Endring i året i avsetting tap på kundekrav	-1 469	-9 031
<b>Avsetting for tap på krav 31.12</b>	<b>10 500</b>	<b>11 969</b>
<b>Konstaterte tap på krav i året</b>	<b>7 201</b>	<b>2 954</b>
<b>Kundekrav har følgende fordeling på forfall:</b>		
Krav som ikkje er forfalne til betaling	80 667	64 829
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	5 602	13 274
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	2 160	2 397
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	1 328	3 207
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	16 608	19 368
<b>Kundekrav pålydande per 31.12.</b>	<b>106 364</b>	<b>103 074</b>

**Note 14 Kontantar og bankinnskot**

	2018	2017
Skattetrekksmidler	265 350	252 141
<b>Sum bundne kontantar og bankinnskot</b>	<b>265 350</b>	<b>252 141</b>
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	-29	62
<b>Sum kontantantar og bankinnskot</b>	<b>265 321</b>	<b>252 203</b>

Helse Vest har konsernkontoordning i SpareBank 1 Sr-Bank. Helse Vest RHF har driftskreditt i Noregs Bank.

**Note 15 Eigenkapital**

Heile 1000 kroner

	Føretakskapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderingsforskje llar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	5 915 981		87 242	6 003 323
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
<b>Eigenkapital 01.01. i år</b>	<b>100</b>	<b>5 915 981</b>	<b>0</b>	<b>87 242</b>	<b>6 003 323</b>
Eigenkapitalstransa ksjonar					
Resultat dette året				110 841	110 841
<b>Eigenkapital 31.12. i år</b>	<b>100</b>	<b>5 915 981</b>	<b>0</b>	<b>198 083</b>	<b>6 114 165</b>

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 100 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

**Styringsmål frå eigar**

Heile 1000 kroner

Styringsmål frå eigar	2018	2017	2002-2018
Årsresultat	110 841	87 744	-201 685
Overført frå strukturfond			332 725
Korrigert for endra levetider			351 174
<b>Korrigert resultat</b>	<b>110 841</b>	<b>87 744</b>	<b>482 214</b>
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*			23
<b>Resultat jf. økonomiske krav</b>	<b>110 841</b>	<b>87 744</b>	<b>482 237</b>
Resultatkrav	110 000	160 000	2 227 845
<b>Avvik frå resultatkrav</b>	<b>841</b>	<b>-72 256</b>	<b>-1 745 608</b>

## Note 16 Pensjonsforplikting

	2018	2017
Oppsamla pensjonsforplikting	19 500 413	18 272 514
Pensjonsmidlar	16 235 393	15 389 969
<b>Netto pensjonsforplikting</b>	<b>-3 265 020</b>	<b>-2 882 545</b>
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-460 368	-406 439
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	3 843 776	3 380 903
<b>Netto bokførte forpliktingar inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>118 388</b>	<b>91 919</b>
<b>Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.</b>	<b>-122 033</b>	<b>-192 838</b>
<b>Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.</b>	<b>240 421</b>	<b>284 757</b>
Av pensjonsmidlar utgjær premiefond	529 370	608 779
<b>Spesifikasjon av pensjonskostnad:</b>		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	956 943	878 300
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	456 837	457 092
<b>Brutto pensjonskostnad i året</b>	<b>1 413 780</b>	<b>1 335 392</b>
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-641 582	-514 660
Administrasjonskostnader	56 256	53 601
<b>Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad</b>	<b>828 454</b>	<b>874 333</b>
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kostnad	116 812	123 281
Resultatført aktuarielt tap(vinst)	100 617	132 165
Res.ført del av nettoforplikting v/avk	25 467	29 479
<b>Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift</b>	<b>1 071 350</b>	<b>1 159 258</b>
Andre pensjonskostnader*	3 979	4 618
<b>Sum pensjonskostnader</b>	<b>1 075 329</b>	<b>1 163 876</b>
<b>Økonomiske føresetnader:</b>		
Diskonteringsrente	2,60%	2,40%
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	4,30%	4,10%
Årleg vekst i lønn	2,75%	2,50%
Årleg pensjonsregulering	1,73%	1,48%
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,50%	2,25%
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	11 134	10 776
Talet på oppsette personar med i ordninga	14 976	14 432
Talet på pensjonistar med i ordninga	6 650	6 408
<b>Spesifikasjon av premiefond</b>		
Saldo 1.1.	608 779	866 564
Tilført premiefond	171 213	194 544
Uttak fra premiefond	-250 622	-452 329
<b>Saldo per 31.12.</b>	<b>529 370</b>	<b>608 779</b>

\*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

#### **Ytingsbasert pensjonsordning**

Føretaket har ei offentlig kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt framtidig pensjonsytning bygd på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsordninga dekker AFP, alderspensjon, uførepensjon, ektefellepensjon og barnpensjon. Alderspensjonen er samordna med ytingar frå folketrygda.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening ein alderspensjon på omkring 66 % av sluttlønn. Alderspensjonen blir etter det levealdersjustert tilsvarande alderspensjon frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12 G (grunnbeløp i folketrygda), det vil seie at det er eit tak på 12 G. Alle vedtekne endringar i den offentlege tenestepensjonsordninga er innarbeida i berekningane.

Pensjonskostnaden for 2018 er bygd på føresetnader i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeida av Norsk regnskapsstiftelse. Det er utarbeida eit beste estimat for pensjonsforpliktinga per 31.12.2018 der dei økonomiske føresetnadane som er gitt per 31.12.2018 er lagt til grunn. For avkastning i KLP/SPK for 2018 er det også vist eit beste estimat for pensjonsmidlane pr. 31.12.2018.

#### **Pensjon over 12 G**

Føretaket har ingen personer som har tilleggsordning for pensjon som inneber dekning av pensjon utover 12G. Desse pensjonsordningane er finansiert over drifta.

#### **Føresetnader for dødelegheit**

KLP har valt tabell for dødelegheit, K2013BE, som tar utgangspunkt i FNO sine analyser av dødelegheita i populasjonen for livsforsikring i Noreg og framskrivingar som SSB har føretatt.

#### **Demografiske føresetnader:**

Nytta tabell over dødelegheit  
Uttak AFP etter erfaring

K2013BE  
15-45%

K2013BE  
15-45%

#### **Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)**

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Sjukepleiarar	25	15	10	6	4	3	0

#### **Frivillig avgang for sjukehusleger (i %)**

Alder (i år)	< 24	24-28	28-31	32-35	36-39	40-49	50-55	>55
Sjukehusleger	40	30	20	15	10	6	4	0

#### **Frivillig avgang i fellesordninga (i %)**

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Fellesordninga	25	15	7,5	5	3	0

#### **Avtalefesta pensjon (AFP)**

Føretaket har i tillegg til tenestepensjoner ein avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentlig sektor. Ordninga er 100% eigenfinansiert av føretaka, men blir administrert av KLP/SPK. Etersom ordninga er tett integrert med ordinær tenestepensjon, er forpliktinga rekna inn i den totale pensjonsforpliktinga.

**Note 17 Avsetting for langsiktige forpliktingar***Heile 1000 kroner*

	2018	2017
Avtalefesta permisjon*	221 500	200 000
Investeringsstilskot **	500 189	461 033
Avsetting til pasientskadeerstatning ***	10 500	11 000
<b>Sum avsetting for forpliktingar</b>	<b>732 189</b>	<b>672 033</b>

* Avsetjing inkluderer overlege- og spesialiststillingar:	1 280	1 235
Det er føresett uttak med % for overleger	73	70
Det er føresett uttak med % for psykologspesialistar	62	30

Overordna leger og spesialister har avtalefesta rett til 4 månader studiepermisjon kvart 5. år. Under permisjonen mottar overlegane og spesialistane lønn. Lønnen blir kostnadsført og avsett som langsiktig forpliktinger etter kvart som retten blir opparbeida.

\*Det er gjort ei vurdering av lønn og oppteningstid for den enkelte legen/psykologspesialist. Avsettinga inkluderer sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift).

\*\* Investeringsstilskottet blir ført til inntekt i takt med avskrivningane på den finansierte investeringa.

\*\*\*Det er avsett for berekna forpliktingar for eigendelar vedkommande pasientskader som er meldte til Norsk Pasientskadeerstatning.

**Note 18 Anna langsiktig gjeld***Heile 1000 kroner*

	2018	2017
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	2 362 289	2 056 587
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>2 362 289</b>	<b>2 056 587</b>

Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	1 827 376	1 521 674
--	-----------	-----------

**Note 19 Anna kortsiktig gjeld***Heile 1000 kroner*

	2018	2017
Leverandørgjeld	379 213	394 322
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	305 225	351 976
Skyldige feriepengar	674 972	648 320
Skyldig lønn	159 995	142 195
Anna kortsiktig gjeld	154 120	142 072
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>1 673 525</b>	<b>1 678 885</b>

## Note 20 Bruksrettar for universitet og høgskular

Universitet og høgskular har i tråd med rapport «Universitetsklinikkfunksjoner og sykehusreformen 2001-2002» frå Kyrkje, undervisnings- og forskningsdepartementet (no Kunnskapsdepartementet) rett til å nytte lokale ved Haukeland Universitetssjukehus og i andre delar av Helse Bergen HF der universitetet har aktivitet knytt til. Pr. 31.12.18 utgjorde universitetsareala 14 170 m<sup>2</sup> netto av Helse Bergens lokaler. Høgskulen i Bergen har tidsavgrensa leigerett til 619 m<sup>2</sup>.

Namn på universitet eller høgskule m/ avtale	m <sup>2</sup>
Universitetet i Bergen, tidsavgrensa bruksrett	14170
Høgskulen i Bergen, tidsavgrensa bruksrett	619

## Note 21 Forsking og utvikling

	2018	2017
Øyremerka tilskot frå eigar til forskning	143 448	141 667
Andre inntekter til forskning	85 263	62 018
Basisramme til forskning	274 520	326 312
<b>Sum inntekter til forskning</b>	<b>503 232</b>	<b>529 997</b>
Basisramme til utvikling	133 937	103 257
<b>Sum inntekter til utvikling</b>	<b>133 937</b>	<b>103 257</b>
<b>Sum inntekter til forskning og utvikling</b>	<b>637 168</b>	<b>633 254</b>
Kostnader til forskning - somatikk	377 222	403 269
Kostnader til forskning - psykisk helsevern	71 519	56 427
Kostnader til forskning - TSB	14 808	24 243
Kostnader til forskning - anna	39 683	46 057
<b>Sum kostnader til forskning</b>	<b>503 232</b>	<b>529 997</b>
Kostnader til utvikling - somatikk	80 346	50 446
Kostnader til utvikling - psykisk helsevern	23 609	12 597
Kostnader til utvikling - TSB	1 200	2 463
Kostnader til utvikling - anna	28 781	37 750
<b>Sum kostnader til utvikling</b>	<b>133 937</b>	<b>103 257</b>
<b>Sum kostnader til forskning og utvikling</b>	<b>637 168</b>	<b>633 254</b>
Talet på avlagde doktorgrader	49	40
Talet på publiserte artiklar	766	753
Talet på årsverk nytta til forskning	327	363
Talet på årsverk nytta til utvikling	85	73

## Note 22 Nærstående partar

Nærstående til Helse Bergen HF er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlige transaksjoner med nærstående parter kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 6, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i notane 2,3,8,13,18,19 og 23. Helse Bergen HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå eigar, det vil seie Helse Vest RHF.

Transaksjoner med dei andre regionale helseføretaka er i hovudsak knytt til oppgjer for gjestepasientar. Det vil seie pasientar busett i Helse Vest regionen og som på grunn av midlertidig opphald, fritt sjukehusval eller manglande kompetanse eller kapasitet i egne føretak, får behandling i helseføretak utanfor Helse Vest regionen eller i private sjukehus andre helseregionar har avtale med.

Helse Bergen HF sitt kjøp frå andre regioner innan dette området utgjorde 172 millionar kroner i 2018 mot 142 millionar kroner i 2017. Tilsvarande sal utgjorde 186 mill kroner i 2018 mot 190 millionar kroner i 2017. Det vesentlegaste av gjestepasientoppgjeret er basert på avtala måtar å rekna pris.

Det vesentlegaste av inntekter i Helse Bergen HF er Helse Vest RHF si overføring av tilskott og aktivitetsbaserte inntekter. Ordinært kjøp og sal mot andre føretak i Helse Vest i 2018 utgjorde hhv 846 og 155 millionar kroner.

Medikament utgjør ein stor del av Helse Bergen HF sine kostnader. Innan forskning og utvikling er det samarbeid mellom legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med Legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Helse Bergen HF har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp.

#### Note 23 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	898 413		232 422	2 362 289
Sjukehusapoteka Vest HF	1 363		36 798	
Helse Bergen HF				
Helse Stavanger HF	28 139		1 065	
Helse Fonna HF	35 321		284	
Helse Førde HF	18 300		2 226	
Helse Vest IKT AS	2 634		32 429	
<b>Sum</b>	<b>984 169</b>	<b>0</b>	<b>305 225</b>	<b>2 362 289</b>

#### Note 24 Betinga utfall

Helse Bergen HF er ikkje kjent med andre forhold , her under rettssaker, potensielle offentlege pålegg eller liknande som har vesentlig innverknad på føretaket si økonomiske stilling utover dei avsetningane som er gjort i rekneskapen per 31.12.18

# Årsmelding 2018

Helse Bergen HF  
Haukeland universitetssjukehus



## Om verksemda

Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus, er regionsjukehuset på Vestlandet og skal dekkje dei behova befolkninga har for lokale, regionale og utvalde nasjonale spesialisthelsetenester. Behova skal dekkjast uavhengig av kjønn, alder, etnisitet og religion. I tillegg skal helseføretaket leggje til rette for forskning, utdanning av helsepersonell og opplæring av pasientar og pårørande.

Helse Bergen HF ligg i Hordaland fylke og vart oppretta som helseføretak i desember 2001. 24 kommunar høyrer til i Helse Bergen sitt føretaksområde, med ein samla befolkning på omkring 450.000 menneske. Hovuddelen av verksemda skjer innanfor Bergen kommune, i tillegg er det einingar i kommunane Voss, Os, Lindås, Fjell og Radøy.

Helse Vest RHF (regionalt helseføretak med orgnr. 983 658 725) har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Det er Helse Vest RHF som eig Helse Bergen HF.

Oppgåvene Helse Bergen skal ivareta blir kvart år definerte i eit oppdragsdokument som blir utarbeidd av Helse Vest RHF. Helse Bergen er forplikta til å levere på denne bestillinga innanfor dei gjeldande økonomiske rammene.

## Leiing og styring

### Styret

Styret i helseføretaket i 2018:

Svein Gjedrem	Leiar	Mona Haugland Hellesnes	Medlem
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar	Arvid Langeland*	Medlem
Per Karlsen*	Medlem	Irene Hopsdal	Medlem
Rolf Martin Tande*	Medlem	Karen-Anne Stordalen	Medlem
Bjørn Østbø	Medlem	Geir Arne Sunde	Medlem
Anne-Margrete Bollmann	Medlem		

*\*Styremedlem Ivar Eriksen gjekk ut av styret 1. mars 2018. Per Karlsen og Rolf Martin Tande kom inn som nye styremedlemmer frå same dato. Arvid Langeland gjekk ut av styret 1. mars 2019 og vart då erstatta av Marianne Sæhle.*

Det har i 2018 vore fem føretaksmøte, ti styremøte, to felles styreseminar saman med alle styra i Helse Vest og eitt styreseminar/synfaring med styret i Helse Vest RHF.

## Organisasjonskart

Helseføretaket er organisert i 28 klinikkar, avdelingar og divisjonar, inkludert Voss sjukehus som er organisert som ei eiga eining på nivå 2.



## Strategi og utviklingsplan

Gjeldande strategiplan for 2017-2022 vart vedteken av styret i 2017. Planen har fire hovudoverskrifter:

- Pasientperspektivet i alt vi gjer
- Dyktige, engasjerte og involverte medarbeidarar
- Openheit om prioriteringar
- Forsking, innovasjon og utdanning som utviklar tenestene

Styret vedtok **Utviklingsplan 2035** i september 2018. Utviklingsplan 2035 viser kva for prioriteringar sjukehuset skal gjere den neste langtidsperioden, og vil vere grunnlag for den jamlege revideringa av drifts- og investeringsbudsjettet.

Utviklingsplan 2035 byggjer i hovudsak på fire sentrale dokument: Gjeldande Nasjonal helse- og sjukehusplan, Helse2035, Tiltaksplan til Helse2035 og Strategi 2017-2022 for Helse Bergen HF.

I planen blir det peika på 13 grep for å skape pasientane si helseteneste og for å møte behovet for helsetenester fram mot 2035. Utviklingsplanen må setjast i verk gjennom ulike handlingsplanar og andre føringar for drifta av helseføretaket.

## Pasientbehandling

Føretaket har som mål å gi eit heilskapleg og individuelt tilpassa tilbod til pasientar og pårørande, sikre effektiv organisering av pasientretta arbeid og gi behandling av høg internasjonal kvalitet.

Helse Bergen HF gir tilbod innanfor psykiatri, tverrfagleg spesialisert rusbehandling, rehabilitering og somatiske helsetenester innanfor sitt opptaksområde.

I tillegg er ei rekkje **nasjonale og fleirregionale behandlingstenester** lagde til Helse Bergen. Eit døme er den nasjonale behandlingstenesta for avansert brannskadebehandling.

I oppdragsdokumentet for 2018 fekk Helse Bergen i oppgåve å etablere og leie **Ekspertpanelet**. Det vart offisielt opna av helseministeren i november. Ekspertpanelet for spesialisthelsetenesta skal hjelpe pasientar med alvorleg livsforkortande sjukdom med å få ei ny og grundig vurdering av kva som finst av annan mogleg behandling, etter at etablert behandling er prøvd og ikkje lenger har effekt.

Eit anna viktig arbeid i 2018 har vore førebuing og implementering av **pakkeforløp for psykisk helsevern og rus**. Formålet med pakkeforløpa er å styrke det heilskaplege behandlingstilbodet til pasientar med psykisk helse- og rusmiddelproblem. Samanhengande og koordinerte pasientforløp innan psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er avhengig av involvering og god samhandling med kommunalt nivå.

## Somatikk

Den somatiske aktiviteten går føre seg i 17 ulike klinikkar og avdelingar. Radiologisk avdeling, Laboratorieklinikken og Kirurgisk serviceklinikk leverer medisinske støttetjenester.

Aktiviteten i somatikken (Tabell 1) har i 2018 vore lågare enn planlagt innan alle omsorgsnivåa, men høgare enn året før. Det er fortsatt den polikliniske aktiviteten som aukar i høve til 2017, medan døgnaktiviteten går ned. Dette skuldast mellom anna

overtaking av deler av verksemda ved Bergen legevakt i april 2018, i tillegg til endra registreringspraksis for pasientar som tidlegare var innlagde med permisjon. Talet på unike pasientar har også auka samanlikna mot 2017.

**Tabell 1: Aktivitet og DRG somatikk for åra 2018-2016**

Sykehusopphold	2018	%-vis endring 2016-2018	2017	2016
Heldøgnsopphold	67 725	-5,1 %	70 231	71 342
Dagopphold	24 007	11,2 %	22 187	21 587
ISF-berettigede polikliniske konsultasjoner**	519 081	12,6 %	471 705	460 911
Liggedøgn døgnbehandling	279 022	-9,1 %	295 904	306 847
DRG-poeng i hht eigaransvar*	140 895	4,3 %	136 692	135 046

\*Alle produserte DRG-poeng ekskl. for utanlandske pasientar

\*\* eksklusiv raskere tilbake

Definisjoner i hht. Aktivitetsbarometeret per 2018

(nye definisjoner i Aktivitetsbarometeret fra og med 2017)

### Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengigheit (TSB)

**Avdeling for rusmedisin (AFR)** har koordineringsansvar for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i opptaksområdet for Helse Bergen og behandlar alle tilvisingar til TSB, med eit ansvar for å sikre optimal utnytting av samla behandlingsskapasitet og gode forløp for pasientane i opptaksområdet. I tillegg til eigne behandlingstilbod, bruker AFR offentlege og private behandlingsslassar i og utanfor Helse Vest.

Avdeling for rusmedisin har høgare aktivitet (Tabell 2) enn både planlagt og i forhold til 2017, når det gjeld polikliniske konsultasjonar. Aktiviteten knytt til opphaldsdøgn er lågare. Årsak til det er at nye ø-hjelpsslassar som kom i drift i april, var forseinka.

**Tabell 2: Aktivitet og DRG TSB for åra 2018-2016**

Sykehusopphold	2018	%-vis endring 2016 til 2018	2017	2016
Heldøgnsopphold	491	28,9 %	374	381
Dagopphold	6	20,0 %	1	5
Polikliniske konsultasjonar	62 143	*	57 520	87 957 *
Liggedøgn døgnbehandling	18 044	-1,6 %	18 665	18 347
DRG-poeng*	9 011	0,7 %	9 310	8 949

Døgn/dag/poliklinikk låste tertialer

Liggedøgn døgnbehandling er inklusiv permisjonsdøgn

Liggedøgn i 2016 er henta frå Helse Vest rapport En enhet flere nøkkeltall

Definisjoner i hht. Aktivitetsbarometeret

\* i 2016 er ikkje LAR trukke vekk

## Psykisk helsevern

**Divisjon psykisk helsevern** har ansvaret for dei tenestene føretaket leverer innanfor psykisk helsevern. Divisjonen samarbeider tett med dei private, ideelle aktørane innanfor spesialisthelsetenesta i psykisk helsevern i opptaksområdet til Helse Bergen HF.

**Barn og unge** med psykiske lidingar får tenester frå Klinikken psykisk helsevern for barn og unge (PBU). PBU har sju desentraliserte barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar. Ambulante tenester, døgntilbod, spesialpoliklinikk og konsultasjonsteam held til i det nye Barne- og ungdomssjukehuset på Haukeland.

I Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) har den polikliniske aktiviteten (Tabell 3) vore litt lågare enn planlagt i 2018. Det har likevel ikkje gitt seg negativt utslag i DRG-poenga, som er fleire enn planlagt. Talet på unike pasientar er likt med i fjor.

**Tabell 3: Aktivitet og DRG PBU for åra 2018-2016**

Sykehusopphold	2018	%-vis endring 2016 til 2018	2017	2016
Heldøgnsopphold	372	31,0 %	355	284
Dagopphold	42	-2,3 %	63	43
Polikliniske konsultasjoner	60 603	5,5 %	59 803	57 467
Liggedøgn døgntilbod	6 138	31,0 %	5 882	4 686
DRG-poeng*	20 261	39,7 %	18 875	14 504

Døgn/dag/poliklinikk låste tertialer

Liggedøgn døgntilbod er inklusiv permisjonsdøgn

Liggedøgn i 2016 er henta frå Helse Vest rapport En enhet flere nøkkeltall

Definisjoner i hht. Aktivitetsbarometeret

**Vaksne** med psykiske lidingar får tenester frå Bjørgvin distriktpsikiatriske senter (DPS), Kronstad DPS og Øyane DPS, som har ansvaret for akutttilbod, ambulante tenester, poliklinikk og døgntilbod i kvart sitt geografiske opptaksområde. Dei sentraliserte sjukehustenestene er organiserte i Psykiatrisk klinikk med døgnplassar i Sandviken og på Haukeland. Klinikken for sikkerheitspsykiatri har døgntilbod i Sandviken og poliklinisk tilbod i Bergen fengsel.

I Psykisk helsevern for vaksne har aktiviteten (Tabell 4) i år vore høgare enn planlagt, og høgare enn i 2017. Det gjeld både for polikliniske pasientar og døgntilbod. Det er også behandla fleire unike pasientar enn året før.

**Tabell 4: Aktivitet og DRG psykisk helsevern vaksne for åra 2018-2016**

Sykehusopphold	2018	%-vis endring 2016 til 2018	2017	2016
Heldøgnsopphold	2 782	-4,1 %	2 749	2 902
Dagopphold	562	12,4 %	296	500
Polikliniske konsultasjoner	91 885	10,8 %	87 493	82 896
Liggedøgn døgnbehandling	72 806	-2,3 %	69 816	74 496
DRG-poeng*	14 818	39,4 %	13 669	10 628

Døgn/dag/poliklinikk låste tertialer

Liggedøgn døgnbehandling er inklusiv permisjonsdøgn

Liggedøgn i 2016 er henta frå Helse Vest rapport En enhet flere nøkkeltall

Definisjoner i hht. Aktivitetsbarometeret

## Pasienttryggleik og kvalitet

Kvalitetsforbetring og pasienttryggleik er ein sentral del av sjukehusdrift. Leiarar på alle nivå har ansvar for at deira verksemd blir planlagt, gjennomført, evaluert og korrigert på ein måte som gjer at krav i lov og forskrift blir oppfylte. Samstundes må det blir lagt til rette for at kvar einskild medarbeidar kan drive forbetring som ein del av den daglege drifta.

Styret er opptatt av at sjukehuset vidareutviklar ein kultur og kompetanse for kontinuerleg forbetring. Ein må nytte risikovurderingar, avvik, tilsyn, revisjonar til systematisk forbetring og læring på tvers. Viktige område å jobbe med er leiarskap, kommunikasjon, kunnskap om risiko og tydeleggjering av ansvar mellom ulike einingar.

Den alvorlege hendinga i oktober 2018, der ein mann med hjartesyjukdom døyde medan han venta på behandling i akuttmottaket, viser tydinga av arbeidet med risikovurdering, kvalitetsforbetring og pasienttryggleik. Fylkesmannen konkluderte i sin rapport etter hendinga med at årsaken var samansett, og skuldast svikt i styring og leiing. Mellom anna vart det peika på uklære ansvarsforhold, kapasitetsproblem og dårleg flyt av pasientar frå akuttmottak til spesialeiniane. Det er sett i verk omfattande tiltak innanfor desse områda for å betre pasienttryggleiken i mottak av akutt sjuke pasientar, samt systematikk i handtering av risiko og avviksmeldingar.

I 2018 vart Føretaksleiinga etablert som nytt sentralt *Kvalitets- og pasientsikkerhetsutvalg (KPU)* i føretaket. Formålet er mellom anna å leggje til rette for organisatorisk læring på tvers mellom einingane og få auka merksemd på kor uønskt risiko kan reduserast. Det vart samstundes etablert lokale KPU i kvar nivå 2-eining. Her deltek og brukarar.

Andre viktige grep for styrking av arbeidet med kvalitetsforbetring og tryggleik er innføring av pasienttryggleiksvisittar, meir vekt på forbetningskompetanse i leiarutviklinga i føretaket

og eit initiativ for å ta i bruk tavlemøte som systematisk forbetningsverktøy. Merksemd på risiko i dagleg drift i einingane blir satt på dagsorden gjennom innføring av «Det grønne korset» i 2019. Vi vil forbetre system for handtering av bekymrings- og avviksmeldingar i 2019.

### Kvalitetsindikatorar

Oversikten viser status for nokre sentrale kvalitetsindikatorar (Tabell 5) ved utgangen av 2018, samanlikna med regionalt mål og gjennomsnittet i Helse Vest. Helse Bergen leverer jamt over gode resultat på desse indikatorane.

**Tabell 5: Status for nokre sentrale kvalitetsindikatorar ved utgangen av 2018.**

Kort status pr desember 2018	Regionalt mål	Helse Vest		Helse Bergen HF	
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %		3,1 %		3,3 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	58		60		58
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	35		35		26
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	40		39		43
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	30		27		25
Fristbrot behandla pasientar	0 %		2,4 %		2,7 %
Prosentdel korridorpatientar somatikk	0 %		1,4 %		0,8 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %		87 %		91 %
Epikrisetid somatikk	100 %		86 %		87 %

Resultat for desember i høgre kolonne:

Resultat for november i venstre kolonne:


### Bemanning og kompetanse

Verksemda i sjukehuset er arbeidsintensiv og ein stor del av den totale ressursinnsatsen er knytt til dei tilsette. I alt føretaket leverer er det dei tilsette sin innsats og kompetanse som er den viktigaste føresetnaden for gode og effektive spesialisthelsetenester.

Talet på tilsette (Figur 1) har ikkje endra seg vesentleg dei siste åra. Det går til ei kvar tid føre seg omstilling i delar av verksemda, men eventuell endring i bemanning blir då stort sett løyst ved turnover og behov for tilsette andre stadar i verksemda.

